



Foto: Hans Smedegård

Årsmelding og rekneskap 2021



Årdal Energi Holding AS

Årsmelding frå styret

Selskapsform



År 2021 er det 88. driftsåret for Årdal Energi Holding AS, om ein legg stiftinga av Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning til grunn. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning vart organisert etter at løyvinga for linjebygging til Farnes vart vedteken i heradsstyre 24.02.1933. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning fekk driftsløyve (mellombels) den 27.september 1933 og har sidan hatt kontinuerleg drift i fleire selskapsformer og namn.

Dette elektrisitetsverket vart teke opp i L/L Årdal Kraftlag, som vart stifta 25.11.1945. L/L Årdal Kraftlag vart vidareført (ved oppkjøp) i Årdal Kommunale kraftforsyning, som vart skipa den 22.07.1954. Årdal Kommunale kraftforsyning skifta namn til Årdal Energiverk den 01.01.1989, og vart frå same dato organisert som ei kommunal verksemd.

Etter vedtak i kommunestyret den 24.03.1994. vart namnet endra til Årdal kommunale energiverk. I same vedtak vart Årdal kommunale energiverk gjort om til ei kommunal særverksemd under Årdal kommune med eige styre etter § 11 i kommunelova. Årdal kommunestyre gjorde den 14.06.2001 vedtak om å gjera selskapet om til kommunalt føretak (KF). Namnet vart då Årdal Energi KF frå og med 01.01.2002.


Etter nye krav i Energilova gjorde Årdal kommunestyre vedtak om omdanning av Årdal Energi KF til to selskap, Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS, gjeldande frå og med 1.juli 2019. Kommunen oppretta samstundes eit nytt selskap Årdal Energi Holding AS, som eig Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS.

Konsernet Årdal Energi Holding AS består av Årdal Energi Nett AS, Årdal Kraftlag AS og Årdalsnett AS. Seimsdal Kraft AS som er eit tilknytt selskap, eig vi saman med 14 grunneigarar i Seimsdalen. Offerdal Kraftverk AS eig vi saman med Sognekraft AS og Veidekke Entreprenør AS.

Vidare eig Årdal Kraftlag AS selskapet Årdalsnett AS, og Årdal Energi Nett AS eig SEIS AS. Porten og Bluetec Vest er tilknytte selskap deleigd av Årdalsnett AS.

Krav frå myndigheitene om at det skal vere «vanntette skott» mellom nett- og straumselskapa, resulterte i namnebytet på nettselskapet hausten 2021. Årdal Energi Nett AS skifta namn til Straumnett AS.

Morselskapet Årdal Energi Holding AS held til saman med døtrene Årdal Kraftlag AS og Straumnett AS i Utladalsvegen 1, i Øvre Årdal. Det same gjer Årdalsnett AS.



Forretningsdrift

Årdal Energi Holding AS

Føremålet med Årdal Energi Holding AS er å eige aksjar i Straumnett AS, Årdal Kraftlag AS og Årdalsnett AS, samt aksjar eller andre eigardeler i selskap som sjølv driv med verksemd innan energi, eller i selskap som eig aksjar eller delar i slike selskap. Selskapet sitt føremål er vidare å forvalte Årdal kommune si interesse i dotterselskapa. I forvaltninga av eigarskapet til Straumnett AS, Årdal Kraftlag AS og Årdalsnett skal det leggst vekt på at desse verksemdene tek omsyn til lokale arbeidsplassar, og at det blir bygd opp arbeidsplassar basert på kompetanse, ansvar og trivsel gjennom eit aktivt HMS-arbeid. Selskapet skal skaffe innbyggjarar og næringsliv sikker levering av fornybar energi til konkurransedyktige prisar. Selskapa skal skape verdiar for eigar, kundar og lokalsamfunnet, og syte for ei turvande, sikker og kostnadseffektiv energiforsyning som tilfredsstiller dei til ei kvar tid gjeldande krava til miljø og overordna myndigheit, samt arbeide aktivt for god energiøkonomi.

Årdal Kraftlag AS

Årdal Kraftlag AS har som målsetting å halda ein konkurransedyktig pris til den lokale marknaden, samstundes som ein skal ha forretningsmessige vurderingar i botn. Selskapet driv i konkurranse med andre straumleverandørar i Årdal kommune og må såleis ta omsyn til konkurransen i denne marknaden.



Straumnett AS

Konsesjonsområdet for Straumnett er Årdal kommune med sine ca. 5600 innbyggjarar. Selskapet driv eit monopol og forsyner tettstadane Årdalstangen og Øvre Årdal samt dalane Naddvik, Moadalen, Utladalen, Fardalen, Seimsdalen og Offerdalane. Selskapet får overført straum frå Hydro Aluminium sine anlegg i Øvre Årdal og på Årdalstangen.

Ved årsskifte er om lag 3600 kundar kopla til nettet, som består av:

- 139 km med 6 – 22 kV linjer og jordkablør
- 244 km med lågspentlinjer og jordkablør
- 4 sekundærstasjonar, 149 større og mindre transformatorar (nettstasjonar/kioskar)

Årdalsnett AS

Årdalsnett skal vere ein totalleverandør av breiband og TV-løysingar i Årdal, Lærdal, Aurland og Vang kommune. Årdalsnett skal vidareutvikle sine nettverk slik at alle kundane effektivt og enkelt kan samhandle seg i mellom, og at dei får ein brei, felles veg ut mot omverda.

Styret

Styret har i 2021 hatt følgjande samansetting:

Medleamar:

Egon Mogens Moen (styreleiar)

Kirsti Eklund (nestleiar)

Thomas Norheim Moen

Trude Gjermo Nessestrand

Stian Marius Bye

Stian Marius Bye er valt av og blant dei tilsette.

Kommentar til årsrekneskapen

ÅRDAL ENERGI HOLDING AS - NØKKELTAL KONSERN

Lønnsomhetsanalyse - avkastning på kapital	2020	2021
Resultatgrad	3,50	13,37
Totalkapitalrentabilitet i %	1,54	8,68
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	1,37	12,90
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	0,92	10,22

Likviditet - evne til å betale gjeld ved forfall	2020	2021
Likviditetsgrad 1	2,33	1,40
Arbeidskapital	35 771 715	19 150 827
Arbeidskapital i prosent	40,42	14,45
Varelagerets omløpshastighet	74,61	67,23


Soliditet - bedrifta si evne til å tåle tap	2020	2021
Eigenkapitalandel i prosent	66,46	61,15
Eigenkapital av omsetning	152,59	94,68
Finansieringsgrad	0,80	0,88
Rentedekningsgrad i %	2,48	19,39
Gjeldsgrad	0,50	0,64

Resultat	2020	2021
Sum driftsinntekter	88 504 436	132 542 353
Sum driftskostnader	85 828 804	114 998 394
Netto finans	-826 110	-732 918
Driftsresultat	2 675 632	17 543 959
Ordinært resultat før skattekostnad	1 849 522	16 811 041
Årsresultat	1 245 130	13 316 067


Årdal Kraftlag AS

I 2021 snudde marknadsprisen i høve til 2020. Prisane gjekk opp og var høge heile året. Marknadsprisen hadde eit snitt på 75,61 øre/kWh, mot 9,68 øre/kWh året før. Årdal Kraftlag sin snittpris over året var 33,79 øre/kWh (alle prisar her er utan mva). Selskapet omsette totalt 156 000 MWh der 111 000 MWh er konsesjonskraft. Dette gav ein omsetting på

MNOK 73,9 mot MNOK 31,9 året før. Auka sal og høgare prisar er godt synleg i omsetningsauke.




Figuren viser områdeprisen for NO5 Bergen mot Årdal Kraftlag sin kraftpris for 2021. Prisane er eks. avgifter. Kilde: NordPool / Årdal Kraftlag




Straumnett AS

Overføring av elektrisk kraft er monopol-verksemd. For å sjå til at overføringa av energi vert gjort så effektivt som mogeleg, fastset NVE årlege inntektsrammer. Denne inntektsramma dannar grunnlaget for tariffane i vårt område. Vedteken inntektsramme for 2021 vart på MNOK 26,3, medan den varsla inntektsramme var på MNOK 23,5. Årsaka til auke skuldast endring av føresetnader på referanserente, KPI, KPI løn og kostnad på nettap.


Omsettinga var på MNOK 40,3 mot MNOK 35,1 året før. Rekneskapen viser og ei meirinntekt på kr 591 000,-. I tillegg kjem ei etterregulering for tidlegare år på kr. 170 000,-, slik at den akkumulerte mindreinntekta er redusert til MNOK 2,0.



Stolpediagrammet viser korleis prisane på nettleiga pr.01.12.2021 var for nettselskapa i fylket, samt snittet for fylket og heile landet. Det må nemnast at nettleiga er avhengig av bustadmønster og topografi i dei ulike leveringsområda. Prisane er utan avgifter og rekna om til å gjelda ved eit forbruk på 20.000 kWh/år (dvs at fastbeløpet er medrekna).



Stolpediagrammet viser Årdal Energi Nett si utvikling av energiledet i nettleiga for bustadar, utan avgifter.



Figuren viser korleis nettleiga vert fordelt.

Årdalsnett AS



Årdalsnett har dei siste 5 åra hatt ein positiv kundevekst, og ved utgangen av året 2021 hadde Årdalsnett 3577 internett kundar og 2339 TV kundar. Fiberutbygging i Årdal kommune og områder med fritidsbustader, er årsaka til denne auken.



Arbeidsområde gjennom året

Årdal Kraftlag AS

Då spottprisen vart særst høg utover året i 2021, og det kan sjå ut til at dette fortsett, har Årdal Kraftlag starta opp arbeidet med å prissikre delar av kraftmengda selskapet kjøper på spott. Dette vil gje forutsigbar handel i 2022.

Det har vore viktig for selskapet å tilby sal av konsesjonskraft til gode prisar for å halde eit stabilt kundegrunnlag. Årdal Kraftlag har 95% av kundemassen innan sitt konsesjonsområde.

Årdal Kraftlag leverer administrative tenester til alle selskapa i konsernet. Den digitale utviklinga innan bransjen og ERP system er i rask endring. Det blir kontinuerleg jobba med tilrettelegging for gode IT tekniske løysingar som sikrar god flyt og effektivitet i det administrative arbeidet.

Straumnett AS

Straumnett har i løpet av 2021 avslutta arbeidet med å sikra straumforsyninga til Seimdsdalen og Offerdalen. Arbeidet har bestått av å utvida K015 med ny transformator og koplingsanlegg. Stasjonen er og tilpassa for å ta i mot straumforsyning frå Offerdal Kraftverk.

I område på Farnes og Vee-sida er lågspentnettet forsterka. Når elva Utle var i flaum rann vatn inn i K140 ved gamlebrua i Utladalen. Denne er no flytta og løfta opp, slik at dette ikkje skal skje igjen.

Arbeidet med å oppgradera Fardals linja har halde fram i 2021. Linja i området rundt Høyseter, er lagt om. På Naddviklinja er det skifta ut fleire stolpar og traversar. Det er hengt opp følgjerd (OPGW) og lagt ny jordkabel frå endemasta i Årøy til kabelskøyt i Naddvik.

Straumnett har også bygd ut byggestraum til Hydro som rustar opp gamle røyrgata til Holsbru kraftverk. Mykje tid er gått med til oppgradering av Seimdsdalstunellen. Til teknologisenteret er ny nettstasjon sett opp, og Sogn Vekst har fått ny 400V forsyning til delar av si drift. Vidare er trekking av kablar og ny nettstasjon ferdig som forsyner Ljotelitunellen. Perkeringsplass på Hjelle har fått elbil-lading. Der er eksisterande transformator bytta ut, slik at naudsynt effekt er på plass.

I eit samarbeid med Årdalsnett er det bygd ut følgjerd (OPGW) frå Skogli til sjøen i Indre Offerdal. Dette betyr at no er det fiber frå Seimdsdalen til indre Offerdal ferdig.

Årdalsnett AS

I 2021 bytte Årdalsnett TV-leverandør frå Telenor til Telia. Informasjonen ut til kundane om bytte av leverandør starta for fullt i april. Kundar vart informert via heimeside, SMS, brev og aviser. Utlevering av ny dekodar starta i mai og blei avslutta i oktober. Under utleveringa arbeidde alle tilsette med Telia. Årdalsnett tok på seg heile jobben med utlevering av dekodarar, samt all kundeservice både under og etter utlevering. Etter overgangen til Telia vart det fleire oppgåver for dei tilsette sidan Årdalsnett drifta all kundeservice sjølv, og kundane fekk tilgang til fleire tenester.

Når kundane tok imot dekodaren (Telia Box) fekk dei samstundes tilgang til Telia Play, noko som gav Årdalsnett høve for sal av fleire tenester. Årdalsnett tilbyr no kundane val av ulike TV-kanalar, strøymetenester, filmleige og oppgradering av poeng.

Telia Play er Norges mest fleksible og innholdsrike TV- og strøymeteneste. Telia Play er innebygd i Telia Box. Kundane kan strøyme underholdning i Telia Play på TV, mobil, nettbrett, Apple TV og Telia Box. Med Telia Play får kundane tilgang på eit enormt utval av TV-kanalar og strøymetenester.

Eigen utvikla APP

I samband med overgangen til Telia blei det utvikla ein eigen applikasjon for Årdalsnett sine kundar. Applikasjonen blei lansert i april samstundes som at informasjon om byte av TV-leverandør blei offentleg. Applikasjonen har som mål om at den skal gjer det enkelt for kundane å gjera endringar i aktive abonnement, få totaloversikt over kundeforholdet og vere ein enkel veg til brukarstøtte. I applikasjonen får kvar og enkelt høve til å endre kva TV og strøymeinnhald kunden sjølv ønsker å ha. Applikasjonen er tilgjengeleg på Google Play og App Store.

FoU

I 2021 har Årdalsnett hatt eit SkatteFUNN-prosjekt der hovudmålet var å utvikle ei digital teneste for ISP administrasjon. Tenesta har fått namnet ISP Nettverk Administrasjon (INA) og er eit eigenutvikla administrasjon, drift og vedlikehalds system. Prosjektet hadde tre delmål; skalerbar systemarkitektur, datautnytting og systemfunksjonalitet. Undervegs i prosjektperioden har det dukka opp nokre nye punkt, og Årdalsnett vil søka om vidareføring av prosjektet til neste år.



Helse, miljø og tryggleik (HMS)

Sjukefråværet til konsernet var på totalt 2,67 % for 2021. Dette fordeler seg med 0,86 % på eigemeldt fråvær og 1,81 % for fråvær med sjukmelding. Alle selskapa i Årdal Energi Holding er sjølvstendige medlemar i Bedriftshelse1. Helsekontrollar vert gjennomført kvart 3. år, og Bedriftshelse1 bistår elles med tenester innan arbeidshelse, ergonomi, psykisk arbeidsmiljø og systematisk HMS-arbeid.

Straumnett, Årdal Kraftlag og Årdalsnett har også egne avtalar med det lokale treningssenteret for å påverke til god fysisk helse.

Årdal Energi Holding har gjennomført månedlege personalmøte der HMS står først på agendaen. Det er gjennomført førstehjelpskurs for alle tilsette. Straumnett og Årdalsnett har i tillegg gjennomført lovpålagde kurs i firing av skadd person ned frå stolpe og kurs i tryggleik ved arbeid i og drift av elektriske anlegg (FSE).

Alle selskapa i Årdal Energi Holding har egne system for registrering og oppfølging av avvik og forbedringsforslag. I 2021 har det ikkje vore rapportert alvorlege arbeidsuhell eller ulykker som er forårsaka av rutinesvikt eller brot på sikringstiltak. Det er heller ikkje rapportert utslepp av miljøfarleg avfall som påverkar det ytre miljøet.

Selskapa er med i den kommunale renovasjonsordninga, og har ein eigen avtale med eit lokalt firma for handtering av jern/metall og anna brennbart avfall.

Årdal Energi Holding AS har styreansvar forsikring som sikrar dagleg leiar og styremedlemar for alle selskap i konsernet.



Likestilling

Straumnett, Årdal Kraftlag og Årdalsnett har 4 kvinner og 27 menn tilsett ved utgangen av 2021. Verksemda har som målsetjing å ha ein arbeidsstokk og eit avtaleverk som sikrar likestilling. Lokalitetane er godt tilpassa begge kjønn. Styret i Årdal Energi Holding, Straumnett og Årdal Kraftlag har 2 kvinner og 3 menn. Styret i Årdalsnett har 1 kvinne og 3 menn.

Framtidig utvikling

Årdal Energi Holding AS

Årdal Energi Holding er ein viktig aktør for næringslivet i Årdal Kommune. Selskapet sin ambisjon er å bidra til ei meir berekraftig framtid ved leveranse av gjennom våre kjerneområde og forretningspraksis. Styret vil sette i gang strategiarbeid som retningsenor for den vidare utviklinga av konsernet.

Årdal Kraftlag AS

Årdal Kraftlag må tilpassa seg marknaden, og vurdere fleire og nye tariffar. Etter kvart må ein også vurdere nye marknadsområde for selskapet. Dette vil krevje endring i organisering, roller og oppgåver

Selskapet bør halda fram med prisar som konkurrerer med marknaden og gjev gode vilkår for industrien. Det er viktig å følgja med på prisutviklinga på spottmarknaden og prissikre kjøp av kraft for å kunne halde gode marknadsprisar.

Det må også jobbast meir med å utvikle fleire og betre informasjonskanalar som gjer at Årdal Kraftlag kan kommunisere løpande med kundane sine på ein gode måte.

Både bransjen og den digitale utviklinga er i rask endring. Her er det viktig å fortsette arbeidet med å til ei kvar tid ha gode IT tekniske løysingar som sikrar god flyt og effektivitet i det administrative arbeidet for heile konsernet.

Straumnett AS

Straumforsyning er kritisk infrastruktur for samfunnet og forsyningssikkerheit er avgjerande for våre kundar. Straumnett har som oppgåve å bygge driftssikre fordelingsnett som syter for færre og kortare avbrot til det beste for alle våre kundar, og dette er noko Straumnett jobbar med kvar dag.

Straumnett skal vidare ha ein sunn og god økonomi, som gjev rett pris til kundane våre. Nettselskapet merkar godt ei strammare regulering frå NVE/RME, og ein stor vilje til konsolidering. Dei store selskapa set malen for effektivitet, noko som allereie er vorte utfordrande for mindre nettselskap. Straumnett må sjå på tiltak for å auka effektiviteten. Det er elles viktig å sjå på ytterlegare kostnadsreducerande tiltak.

Årdalsnett AS

Fiber er kritisk infrastruktur for samfunnet, og dette vart spesielt merkbart i Covid perioden. Det er viktig at alle hus har nettilgang, slik at dei kan både jobbe og vere sosiale gjennom

internett. Årdalsnett har teke samfunnsansvaret sitt med utbyggingar, og Årdal kommune er ein av få kommunar i landet med 100% breibands dekning til innbyggjarane.

Årdalsnett skal fortsetta utviklinga av fibernetta og gje private og bedrifter gode, driftssikre og kvalitets tenester i framtida. Konkurransen mot store selskap blir tydelegare for kvart år, og Årdalsnett som ein liten lokal aktør, må gjera smarte og gode investeringar i nettet. Selskapet bør halda fram med prisar som konkurrerer med marknaden og samstundes gjev gode vilkår for kundane.

Disponeringar

Årsresultatet i Årdal Energi Holding AS var på NOK 16.977.842 i 2021.

Styret føreslår at årsresultatet vert disponert slik (NOK):

Disponering av årets resultat Årdal Energi Holding AS

Tilleggsutbytte 2.000.000 NOK

Ordinært utbytte 20.000.000 NOK

Avsett til anna eigenkapital - 5.022.150

Sum disponert 16.977.842

Fortsatt drift

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av selskapet sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a blir det stadfesta at føresetnadene om framleis drift er til stades. Til grunn for dette ligg resultatprognosar for 2022 og selskapet sine langsiktige strategiske planar for åra framover. Selskapet er i ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Øvre Årdal, 09.05.2022
Styret i Årdal Energi Holding AS


Egon M Moen
styreleiar


Jan Stian Smedegård
dagleg leiar


Trude Gjerme Nessestrand
styremedlem


Kirsti Eklund
nestleiar


Stian Marius Bye
styremedlem


Thomas Nørheim Moen
styremedlem



Resultatregneskap

Årdal Energi Holding AS

Morselskap		Konsern			
2020	2021	Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2021	2020
		Driftsinntekter			
0	0	Kraftsal sluttbrukar	2	66 023 783	27 385 876
0	0	Overføringsinntekt	2,4	33 342 155	29 901 825
0	0	Abonnementsinntekt	2	25 600 582	24 466 023
8 333	0	Anna driftsinntekt	2	7 575 833	6 750 712
8 333	0	Sum driftsinntekter		132 542 353	88 504 436
		Driftskostnader			
0	0	Kjøp av kraft, overføringstenester, varer	3	68 781 007	42 026 715
107 128	107 203	Lønnskostnad	5	22 564 383	21 284 901
0	0	Avskrivning	8,9	7 890 324	7 530 815
0	0	Nedskrivning		0	0
550 435	531 223	Annan driftskostnad	5	15 762 680	14 986 373
657 563	638 426	Sum driftskostnader		114 998 394	85 828 804
-649 230	-638 426	Driftsresultat		17 543 959	2 675 632
		Finansinntekter og finanskostnader			
340 103	55 529 656	Andre finansinntekter	6	181 413	421 955
297	37 745 723	Andre finanskostnader	6	914 331	1 248 065
339 806	17 783 933	Resultat av finansposter		-732 918	-826 110
-309 424	17 145 507	Ordinært resultat før skattekostnad		16 811 041	1 849 522
-140 616	167 665	Skattekostnad på ordinært resultat	7	3 494 974	604 392
-168 808	16 977 842	Årsresultat		13 316 067	1 245 130
		Minoriteten sin andel av resultatet		260 621	657 176
		Majoriteten sin andel av resultatet		13 055 446	587 954
		Overføringer			
0	2 000 000	Tilleggsutbytte	12	2 000 000	0
0	20 000 000	Ordinært utbytte	12	20 000 000	0
0	0	Avsett til minoritet	12	260 621	657 176
-168 808	-5 022 158	Avsett til annan egenkapital	12	-8 944 554	587 954
-168 808	16 977 842	Sum disponert		13 316 067	1 245 130

Balanse

Årdal Energi Holding AS

Morselskap		Konsern			
2020	2021	Eigedelar	Note	2021	2020
		Anleggsmiddel			
		Immaterielle eigedelar			
167 665	0	Utsett skattefordel	7	553 251	995 384
0	0	Goodwill	8	358 983	546 278
<u>167 665</u>	<u>0</u>	Sum immaterielle eigedelar		<u>912 234</u>	<u>1 541 662</u>
		Varige driftsmiddel			
0	0	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	9,13	7 856 152	11 262 239
0	0	Anlegg under utføring	9,13	2 504 925	1 527 919
0	0	Overføringsanlegg, linjer, infrastruktur	9,13	111 106 308	109 048 418
0	0	Transportmidlar og maskiner	9	3 489 480	3 433 675
0	0	Driftsutstyr og inventar	9,13	4 833 300	5 229 300
<u>0</u>	<u>0</u>	Sum varige driftsmiddel		<u>129 790 165</u>	<u>130 501 551</u>
		Finansielle anleggsmiddel			
103 448 768	65 705 237	Investeringar i dotterselskap	10	0	0
1 002 606	1 002 606	Investeringar i tilknytt selskap	10	3 295 223	4 108 484
2 710 400	2 710 400	Investeringar i aksjar og partar	10	2 912 400	2 912 400
0	0	Andre langsiktige krav		1 576 292	1 553 543
<u>107 161 774</u>	<u>69 418 243</u>	Sum finansielle anleggsmiddel		<u>7 783 915</u>	<u>8 574 427</u>
<u>107 329 439</u>	<u>69 418 243</u>	Sum anleggsmiddel		<u>138 486 314</u>	<u>140 617 640</u>
		Omløpsmiddel			
0	0	Varer		1 023 104	563 313
		Krav			
0	0	Kundekrav	13	37 887 877	19 500 031
0	55 427 356	Andre kortsiktige krav	4,7	4 244 528	6 773 971
<u>0</u>	<u>55 427 356</u>	Sum krav		<u>42 132 405</u>	<u>26 274 002</u>
97 589	482 836	Bankinnskot, kontantar og liknande	15	23 578 505	35 741 215
<u>97 589</u>	<u>55 910 192</u>	Sum omløpsmiddel		<u>66 734 014</u>	<u>62 578 530</u>
<u>107 427 028</u>	<u>125 328 435</u>	Sum eigedelar		<u>205 220 328</u>	<u>203 196 170</u>

Balanse

Årdal Energi Holding AS

Morselskap		Eigenkapital og gjeld				Konsern	
2020	2021		Note	2021	2020		
		Eigenkapital					
		Innskoten eigenkapital					
29 000 000	29 000 000	Aksjekapital	11,12	29 000 000	29 000 000		
74 478 768	74 478 768	Overkurs	11,12	74 478 768	74 478 768		
<u>103 478 768</u>	<u>103 478 768</u>	Sum innskoten eigenkapital		<u>103 478 768</u>	<u>103 478 768</u>		
		Opptent eigenkapital					
2 851 905	0	Annan eigenkapital	12	10 742 970	20 602 706		
0	-2 170 253	Udekt tap	12	0	0		
<u>2 851 905</u>	<u>-2 170 253</u>	Sum opptent eigenkapital		<u>10 742 970</u>	<u>20 602 706</u>		
0	0	Minoritetsinteresser	12	11 274 809	10 967 214		
<u>106 330 673</u>	<u>101 308 515</u>	Sum eigenkapital		<u>125 496 547</u>	<u>135 048 688</u>		
		Gjeld					
		Anna langsiktig gjeld					
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	13	22 140 594	31 340 667		
0	0	Anna langsiktig gjeld		10 000 000	10 000 000		
<u>0</u>	<u>0</u>	Sum anna langsiktig gjeld		<u>32 140 594</u>	<u>41 340 667</u>		
		Kortsiktig gjeld					
0	3 000	Leverandørgjeld	3,14	13 280 669	18 809 564		
0	0	Betalbar skatt	7	2 731 764	453 000		
14 672	11 920	Skyldige offentlege avgifter		8 742 273	5 294 874		
0	20 000 000	Utbytte		20 000 000	0		
1 081 683	4 005 000	Anna kortsiktig gjeld	14	2 828 481	2 249 378		
<u>1 096 354</u>	<u>24 019 920</u>	Sum kortsiktig gjeld		<u>47 583 187</u>	<u>26 806 816</u>		
<u>1 096 354</u>	<u>24 019 920</u>	Sum gjeld		<u>79 723 781</u>	<u>68 147 483</u>		
<u>107 427 028</u>	<u>125 328 435</u>	Sum eigenkapital og gjeld		<u>205 220 328</u>	<u>203 196 170</u>		

Øvre Årdal, 09.05.2022
Styret i Årdal Energi Holding AS



Egon Mogens Moen
styreleiar


Kirsti Eklund
styremedlem


Jan Stian Smedegård
dagleg leiar


Stian Marius Bye
styremedlem


Trude Gjerme Nessestrand
styremedlem


Thomas Norheim Moen
styremedlem

Indirekte kontantstrøm

Årdal Energi Holding AS

Morselskap			Konsern	
2020	2021	Note	2021	2020
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter:				
-309 424	17 145 507		16 811 041	1 849 522
0	-55 427 356	10	0	0
-339 917	-101 975	10	-68 158	-113 764
0	0	7	-453 000	-2 636 727
0	0	8,9	7 890 324	7 530 814
0	0	9	74 989	45 734
0	37 743 531	10	0	0
0	0		-459 791	69 005
0	0	13	-18 387 846	2 441 193
-123 451	3 000	3,14	-5 528 895	13 494 979
61 529	2 920 565		6 282 754	-6 003 863
<u>-711 263</u>	<u>2 283 272</u>		<u>6 161 418</u>	<u>16 676 894</u>
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter:				
0	0	9	3 316 968	75 000
0	0	9	-10 542 998	-8 791 795
339 917	101 975	10	101 975	583 127
-500 000	0	10	0	-800 000
<u>-160 083</u>	<u>101 975</u>		<u>-7 124 056</u>	<u>-8 933 668</u>
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter:				
900 000	0	13	0	0
0	0	13	-9 200 073	-2 959 333
0	-2 000 000	12	-2 000 000	0
<u>900 000</u>	<u>-2 000 000</u>		<u>-11 200 073</u>	<u>-2 959 333</u>
28 654	385 247		-12 162 710	4 783 893
68 935	97 589		35 741 215	30 957 323
<u>97 589</u>	<u>482 836</u>		<u>23 578 505</u>	<u>35 741 215</u>

Notar til rekneskapen 2021

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge.

Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Årdal Energi Holding AS med dotterselskap. Konsernrekneskapen er utarbeida som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapen er utarbeida etter einsarta prinsipp ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Aksjar i dotterselskap er eliminert i konsernrekneskapen etter oppkjøpsmetoden. Dette betyr at det oppkjøpte selskapet sine eigedelar og gjeld vert vurdert til verkeleg verdi på kjøpstidspunktet, og eventuell meirpris ut over dette vert klassifisert som goodwill. Tilknytt selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen er andel av resultat ført som finansinntekt og lagt til balanseført verdi og eigenkapital (eigenkapitalmetoden).

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Det blir tatt utgangspunkt i resultat før skatt og presentert kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansierings-aktivitetar.

Estimat

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leinga nyttar skjønn.

Salsinntekter

Inntekter ved sal av varer og tenester blir vurdert til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar, rabattar og andre avslag. Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på tidspunktet for levering.

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) regulerer nettselskapa si overføringsverksemd (monopolverksemd) gjennom å fastsette inntektsramme etter kvart reguleringsår. Inntektsramma med tillegg for kostnader til overliggende nett blir lagt til grunn for utrekning av tariffane. Ved endring i overført volum eller inntektsramma som ligg til grunn for tariffane vil det kunne oppstå ei meir-/mindreinntekt, som blir ført over driftsresultatet og bokført i balansen som gjeld eller fordring mot kundane. Meir-/mindreinntekta blir innkalkulert i tariffutrekningane for seinare år etter bestemte retningslinjer frå NVE.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmiddel blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Fordringar blir klassifisert som omløpsmidlar viss dei skal tilbake-betalast innan eit år.

For gjeld er analoge kriterie lagt til grunn. Avdrag første år på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld er likevel ikkje klassifisert som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.

Enkelte postar er vurderte etter andre reglar. Postane det gjeld vil vere mellom dei som er omtala i avsnitta under.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som er kjøpt enkeltvis, er balanseført til kjøpskost. Immaterielle eigedelar overtatt ved kjøp av verksemd, er balanseført til kjøpskost når kriteria for balanseføring er oppfylt. Immaterielle eigedelar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Immaterielle eigedelar vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom dei forventar økonomiske fordelane ikkje dekkjer balanseført verdi og eventuelle gjenståande tilverksutgifter.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrive lineært over den forventar utnyttbare levetida. Ved endring i avskrivingsplan blir verknaden fordelt over gjenverande avskrivningstid ("knekkpunktmetoden"). Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført løpande. Påkostningar eller utbetringar blir lagt til kostprisen til driftsmiddelet og avskrive i takt med driftsmiddelet. Skillet mellom vedlikehald og påkostning/utbetring blir rekna i forhold til den stand driftsmiddelet var i ved kjøp. Anleggstilskot til investeringar går til frådrag på aktiverte verdiar og blir dermed periodisert over investeringa si økonomiske levetid i form av reduserte avskrivningar. Tomtar blir ikkje avskrivne. Utgifter til leige av driftsmidlar blir kostnadsført. Forskotsbetalingar blir balanseført som forskotsbetalt kostnad og fordelt over leigeperioden.

Notar til rekneskapen 2021

Investeringar i andre selskap

Investeringar i aksjar er balanseført til kjøpskost. Mottatte utdelingar blir resultatført som inntekt. Utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap blir tatt til inntekt i det same året som dotterselskapet avset beløpet. Utbytte frå andre selskap blir tatt til inntekt når utbyttet er vedteke.

Nedskriving av anleggsmidlar

Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, blir det gjort test for verdifall. Testen blir gjort for det lågaste nivået av anleggsmidlar som har sjølvstendige kontantstraumar. Viss balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og gjenvinnbart beløp, blir det føreteke nedskriving til det høgaste av salsverdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi. Bruksverdi er noverdi av framtidige kontantstraumar knytt til eigedelen. Tidlegare nedskrivingar, med unntak for nedskriving av goodwill, blir reversert viss grunnlaget for nedskrivinga ikkje lengre er til stades.

Varer

Lager av innkjøpte varer er vurdert til det lågaste av kjøpskost og netto salsverdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjennomført på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjennomført ei uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

Pensjonar

Premiar til pensjonsordning organisert gjennom livsforsikringsselskap blir kostnadsført i den perioden innskotet gjeld og klassifisert saman med lønnskostnader. Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordning for dei tilsette i selskapet blir ikkje balanseført. Forpliktingar og midlar knytt til kollektiv forsikra pensjonsordning blir ikkje balanseført.

Skatt

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoførte.

Note 2 Driftsinntekter

Morselskap		Per verksemdsområde:	Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	0	Kraftsal sluttbrukar	66 023 783	27 385 876
0	0	Overføringsinntekt	33 342 155	29 901 825
0	0	Abonnementsinntekt	25 600 582	24 466 023
0	0	Sal av entreprenørtenester	7 388 565	6 690 712
8 333	0	Anna driftsinntekt	187 268	60 000
8 333	0	Sum	132 542 353	88 504 436

Note 3 Varekostnader

Morselskap		Per verksemdsområde:	Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	0	Kjøp av kraft	51 998 580	25 538 355
0	0	Kjøp av overføringstenester	6 860 443	8 178 075
0	0	Varekjøp	9 921 984	8 310 285
0	0	Sum	68 781 007	42 026 715

Notar til rekneskapen 2021

Note 4 Monopolverksemd

Konsernet si nettverksemd (monopolverksemd) ligg i dotterselskapet Straumnett AS. Denne delen av verksemda er regulert og kontrollert av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Monopolverksemda er geografisk avgrensa til selskapet sitt forsyningsområde i samsvar med områdekonsesjon.

Inntektsramma er fastsett av NVE og blir oppdatert årleg. Vedtak hos NVE tek omsyn til selskapet sine kostnader, kostnadsnorm (samanlikning med referanseselskap) og nettkapital basert på referanserente, inflasjon og referansepris på kraft. I samsvar med presentasjonskrav frå NVE viser vi rekneskapsinformasjon for nettverksemda:

Resultat frå verksemda:	2021	2020
Nettinntekter	32 903 927	29 860 562
Andre driftsinntekter	168 000	40 000
Sum driftsinntekter	33 071 927	29 900 562
Kjøp av overføringstenester	6 859 782	8 179 463
Andre driftskostnader	21 793 000	21 352 758
Nettap	3 454 964	554 000
Sum driftskostnader	32 107 746	30 086 221
Driftsresultat	964 180	-185 659
Bokført verdi anleggsmidlar:		
Pr 01.01.	72 748 000	73 212 000
Pr 31.12.	74 055 000	72 748 000
Gj.snitt driftsmidlar	73 401 500	72 980 000
+ 1 % påslag for netto arbeidskapital	733 000	730 000
Avkastningsgrunnlag	74 134 500	73 710 000
Avkastning i %	1,30 %	-0,25 %
Meir-/mindreinntekt:		
Inntektsramme	26 389 000	22 265 000
Kostnader andre nett	6 860 000	8 179 000
Tillegg for kapital	-388 000	-142 000
Forsking og utvikling	0	6 000
Kilekostnader	-197 000	-706 000
ELHUB-gebyr	240 000	259 000
Sum tillate nettinntekt	32 904 000	29 861 000
Faktisk inntekt	33 495 000	30 747 000
Meirinntekt	591 000	886 000
Akkumulert meir-/mindreinntekt per 31.12:		
Meir-/mindreinntekt per 01.01.	-2 413 000	-3 271 000
Etterregulering av inntekt frå tidlegare år	-170 000	0
Meir-/mindreinntekt per 01.01. (ny saldo)	-2 583 000	-3 271 000
Meirinntekt	591 000	886 000
Akkumulert meir-/mindreinntekt per 31.12.	-1 992 000	-2 385 000
Renter av meir-/mindreinntekt	-18 000	-28 000
Netto meir-/mindreinntekt per 31.12.	-2 010 000	-2 413 000

Notar til rekneskapan 2021

Note 5 Lønnskostnadar, antal tilsette, godtgjeringsar, lån til tilsette mm

Morselskap		Lønnskostnad:	Konsern	
2020	2021		2021	2020
97 374	96 936	Lønn	19 982 282	19 774 638
9 754	10 267	Arbeidsgjevaravgift	2 540 237	2 205 523
0	0	Pensjonskostnader	3 658 122	2 078 059
0	0	Andre personalkostnader	80 007	150 153
107 128	107 203	Sum	26 260 648	24 208 373
0	0	Aktiverte personalkostnader	3 696 265	2 923 472
107 128	107 203	Netto lønnskostnad	22 564 383	21 284 901
0	0	Antal årsverk	27	29

Ytingar til leiande personar:

Morselskap	Dagleg leiar	Styret
Lønn	0	96 929
Anna godtgjersle	0	0
Sum	0	96 929

Konsern	Løn	Anna godtgjersle
Styret i Årdal Energi Holding AS	96 929	0
Dagleg leiar Årdal Kraftlag AS, Straumnett AS og Årdal Energi Holding AS	1 177 809	24 576
Dagleg leiar Årdalsnett AS	994 222	6 244
Styret i Årdalsnett AS	62 500	
Sum	2 331 460	30 820

Obligatorisk tenestepensjon:

Selskapa er forplikta til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane i selskapet og konsernet oppfyller krava i denne lova.

Revisor:

Morselskap		Godtgjersle til revisor fordeler seg slik (eks mva):	Konsern	
2020	2021		2021	2020
62 500	50 000	Revisjon og revisjonsrelaterte tenester	241 000	299 450
88 750	30 000	Andre tenester	126 350	323 937
151 250	80 000	Sum	367 350	623 387

Note 6 Finanspostar

Morselskap		Finansinntekter:	Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	5 807 856	Konsernbidrag frå datterselskap	0	0
0	49 619 500	Utbytter frå datterselskap	0	0
339 917	101 975	Inntekt frå investering i tilknytt selskap	68 158	113 764
186	325	Renteinntekt	52 274	186 198
0	0	Anna finansinntekt	60 981	121 993
340 103	55 529 656	Sum	181 413	421 955

Notar til rekneskapen 2021

Morselskap		Finanskostnader:	Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	37 743 531	Nedskrivningar av finansielle egedelar	0	0
0	2 192	Rentekostnad	733 661	1 039 118
297	0	Annan finanskostnad	180 670	208 947
297	37 745 723	Sum	914 331	1 248 065

Note 7 Skatt

Morselskap		Skattekostnad:	Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	0	Betalbar skatt	3 360 698	97 189
0	0	Resultatført skatt av ytt konsernbidrag	-307 856	0
-140 616	167 665	Endring utsett skatt	442 133	507 203
-140 616	167 665	Sum skattekostnad	3 494 975	604 392

Morselskap		Skattepliktig inntekt:	Konsern	
2020	2021		2021	2020
-309 424	17 145 507	Ordinært resultat før skatt	16 811 041	1 849 522
-329 737	-16 383 394	Permanente skilnader	-559 607	-332 036
0	0	Endring i mellombelse skilnader	-181 629	-3 492 899
0	-762 113	Anvendt underskot til framføring	-2 193 252	0
-639 161	0	Sum skattepliktig inntekt	13 876 553	-1 975 413

Morselskap		Betalbar skatt i balansen:	Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	167 665	Betalbar skatt på årets resultat	3 052 842	453 000
0	0	Tilskot skattefunn *	-493 129	0
0	-167 665	Betalbar skatt på tilbakeført underskot *	0	-355 810
0	0	Sum betalbar skatt	2 559 713	97 190

* I 2021 har Årdalsnett negativ betalbar skatt som følge av tilskot knytt til skattefunn og i 2020 hadde Årdal Kraftlag og Straumnett negativ betalbar skatt som følge av den midlertidige ordninga for dette inntektsåret, som gav aksjeselskap høve til å tilbakeføre underskot for 2020 mot skattepliktig overskot i 2019. Skatt til gode er ført mot rekneskapslinje for andre kortsiktige krav.

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader:

Morselskap			Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	0	Goodwill	358 983	546 278
0	0	Varige driftsmidlar	-4 055 755	-4 595 228
0	0	Fordringar	1 883 210	2 235 687
0	0	Gevinst- og tapskonto	44 285	-55 833
0	0	Aksjar og andre verdipapir	-745 500	-462 127
0	0	Sum	-2 514 777	-2 331 223
762 113	0	Underskot til framføring	0	2 193 252
-762 113	0	Grunnlag for utsett skatt (skattefordel)	-2 514 777	-4 524 475
-167 665	0	Utsett skatt (skattefordel)	-553 251	-995 384

Notar til rekneskapan 2021

Note 8 Immaterielle eigedelar med avgrensa økonomisk levetid

Konsern

	Goodwill
Kostpris 01.01.2021	936 476
Tilgang kjøpte driftsmidlar	0
Avgang	0
Kostpris 31.12.2021	936 476
Akkumulerte av-/nedskrivningar 01.01.2021	390 198
Akkumulerte av-/nedskrivningar på avgang	0
Ordinære avskrivningar	187 295
Årets nedskrivningar	0
Akkumulerte av-/nedskrivningar 31.12.2021	577 493
Bokført verdi 31.12.2021	358 983
Økonomisk levetid	5 år
Avskrivningsplan	Lineær

Note 9 Varige driftsmidlar

Konsern	Tomtar og bygningar	Infrastruktur	Transportmidlar og inventar mv	Anlegg under utføring	Sum
Kostpris 01.01.2021	18 043 588	218 218 562	30 528 370	1 200 336	267 990 856
Tilgangar	110 049	7 188 716	1 417 845	2 462 458	11 179 068
Tilgang anlegg under utføring	0	0	0		0
Avgangar	3 205 777	253 684	596 945	1 157 869	5 214 275
Kostpris 31.12.2021	14 947 860	225 153 594	31 349 270	2 504 925	273 955 649
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2021	6 781 350	108 548 260	21 293 480	0	136 623 090
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2021	0	614 700	29 400	0	644 100
Akkumulerte avskrivningar på avgangar	0	207 790	596 945	0	804 735
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2021	7 091 709	113 432 588	22 997 087	0	143 521 384
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2021	0	614 700	29 400	0	644 100
Bokført verdi 31.12.2021	7 856 152	111 106 308	8 322 782	2 504 925	129 790 165
Avskrivningar i år	310 359	5 092 118	2 300 553	0	7 703 030
Nedskrivningar i år	0	0	0	0	0
Økonomisk levetid	40-50 år	30-60 år	3-20 år		
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær		

Tomtar og anlegg under utføring blir ikkje avskrive.

Notar til rekneskapen 2021

Note 10 Investeringar i aksjar og andelar

Verksemdsoversikt pr 31.12.2021

Selskap:		Forretningskontor	Anskaffingsår	Konsolidert
Årdal Kraftlag AS	Dotter	Øvre Årdal	2019	Ja
-- Årdalsnett AS	Dotter	Øvre Årdal	2001	Ja
-- Bluetec Vest AS	Tilknytt	Øvre Årdal	2020	Nei
-- Porten AS	Tilknytt	Øvre Årdal	1996	Nei
Straumnett AS	Dotter	Øvre Årdal	2019	Ja
Seimsdal Kraft AS	Tilknytt	Øvre Årdal	2005	Nei
Offerdal Kraftverk AS		Vik i Sogn	2006	Nei

Selskap:	Eigar- og stemmeandel	Eigenkapital	Årsresultat	Bokført verdi
Årdal Kraftlag AS	100,0 %	21 562 555	10 337 009	22 705 237
-- Årdalsnett AS	66,0 %	33 900 996	1 630 824	9 619 500
-- Bluetec Vest AS	21,4 %	645 570	-1 735 284	138 281
-- Porten AS	49,7 %	-557 298	-1 477 119	0
Straumnett AS	100,0 %	42 154 372	1 811 178	43 000 000
Seimsdal Kraft AS	34,0 %	9 287 855	2 436 453	1 002 606
Offerdal Kraftverk AS	10,0 %	27 009 728	-76 993	2 710 400

Selskap ført etter egenkapitalmetoden i konsernrekneskap	Seimsdal Kraft AS	Bluetec Vest AS	Porten AS	Sum
Inngående balanse 01.01.2021	3 348 492	300 000	459 992	4 108 484
Nedskrivningar	0	0	-283 373	-283 373
Andel årets resultat	828 150	-300 000	-176 619	351 531
Overføringer til selskapet (utbytte)	-101 975	0	0	-101 975
Vurderingsskilnader	-917 725	138 281	0	-779 444
Utgående balanse 31.12.2021	3 156 942	138 281	0	3 295 223

Note 11 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i morselskapet består av:	Antall	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	100	290 000	29 000 000

Selskapet er 100 % eigd av Årdal kommune.

Note 12 Eigenkapital

Morselskap	Aksje- kapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Utdekt tap	Sum
Eigenkapital 01.01.2021	29 000 000	74 478 768	2 851 905		106 330 673
Tilleggsutbytte			-2 000 000		-2 000 000
Avsett utbytte			-17 829 747	-2 170 253	-20 000 000
Årsresultat			16 977 842		16 977 842
Eigenkapital 31.12.2021	29 000 000	74 478 768	0		101 308 515

Notar til rekneskapen 2021

Konsern	Aksje- kapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Minoritet	Sum
Eigenkapital 01.01.2021	29 000 000	74 478 768	20 602 706	10 967 214	135 048 688
Tilleggsutbytte			-2 000 000		-2 000 000
Avsett utbytte			-20 000 000		-20 000 000
Årsresultat			13 055 446	260 621	13 316 067
Andre endringar			-915 181	46 974	-868 207
Eigenkapital 31.12.2021	29 000 000	74 478 768	10 742 971	11 274 809	125 496 546

Note 13 Lån, pantstilling og garantiar mv.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

Morselskap			Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	7 100 000	8 500 000

Gjeld som er sikra ved pant ol:

Morselskap			Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	22 140 594	31 340 667

Bokført verdi av pantsette eigedelar:

Morselskap			Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	0	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	3 205 777
0	0	Anlegg under utføring	0	1 157 869
0	0	Linjer/infrastruktur	46 357 096	45 740 196
0	0	Driftsutstyr og inventar	4 520 500	5 229 300
0	0	Kundefordringar	593 915	951 679
0	0	Sum	51 471 511	56 284 821

Covenants mv:

Lån som er sikra ved pant ligg i Årdalsnett AS. Banken stiller krav om at bokført eigenkapital i dette selskapet til ei kvar tid skal utgjere minst 25 % av balanseførte eigedelar.

Note 14 Mellomverande med dotterselskap

	2021	2020
Andre kortsiktige fordringar	55 427 356	0
Langsiktig gjeld	0	0
Leverandørgjeld	0	0
Anna kortsiktig gjeld	4 000 000	1 081 683
Sum	51 427 356	-1 081 683

Notar til rekneskapen 2021

Note 15 Bankinnskott

Morselskap			Konsern	
2020	2021		2021	2020
0	9 423	Bundne skattetrekksmidler	946 594	867 061

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Årdal Energi Holding AS

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Årdal Energi Holding AS.

<p>Årsrekneskapen består av:</p> <ul style="list-style-type: none">• Selskapsrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar, inklusive eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp• Konsernrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, inklusive eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.	<p>Etter vår meining:</p> <ul style="list-style-type: none">• Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav• Gjev selskapsrekneskapen eit rettvise bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2021, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge• Gir konsernrekneskapen eit rettvise bilete av konsernet Årdal Energi Holding AS si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge.
---	--

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet, slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inklusive dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.



Vår uttalelse om årsberetningen gjelder tilsvarende for redegjørelse om samfunnsansvar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Førsetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Jan Inge Rygg
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Jan Inge Rygg

Partner

På vegne av: BDO AS

Serienummer: 9578-5993-4-2508172

IP: 188.95.xxx.xxx

2022-05-10 14:05:10 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>